

# Møteprotokoll

**Utval:** Stølsheimen verneområdestyre  
**Møtestad:** Store Ringheim Hotell og Restaurant, Voss  
**Dato:** 26.11.2018  
**Tidspunkt:** 10:00 – 14:30

## Følgjande faste medlemmar møte:

Namn	Funksjon	Representerer
Olav Turvoll	Leiar	VIK
Karen Marie Hjelmeseter	Medlem	SFFK
Liv-Anne Aanesen	Medlem	MODA
Frode Merkesvik	Medlem	HØY

## Følgjande medlemmar meldte forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Inger Ulvund	MEDL	HOFK
Sigbjørn Hauge	NESTL	VOSS

## Følgjande varamedlemmar møte:

Namn	Møtte for	Representerer
Bjørge Djukastein	Sigbjørn Hauge	VOSS

## Merknadar

## Frå administrasjonen møte:

Namn	Stilling
Anbjørg Nornes	Sekretær/forvaltar

## Andre:

Veronika Seim Bech	Landbrukssjef Vik kommune
Kristoffer Ullern Hansen	SNO
Nils Kvamme	Prosjektleder - skjøtselsarbeid

## Underskrift:

Vi stadfestar med underskriftene våre at det som er ført på dei sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

Elektronisk godkjent av:

Olav Turvoll

Karen Marie Hjelmeseter

## Saksliste

Utvals- saksnr	Innhald	Lukka	Arkiv- saksnr
ST 21/18	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 22/18	Val av eit styremedlem til å skrive under protokoll		
ST 23/18	Referatsaker		
RS 19/18	Notat frå arbeidsmøte om besøksstrategi Stølsheimen, Vik 30.10.2018		2017/559
ST 24/18	Delegerte saker		
DS 12/18	Stølsheimen landskapsvernområde - løyve til helikoptertransport av materiale til Dårlegelva		2016/3073
DS 13/18	Stølsheimen landskapsvernområde - løyve til transport av materiale med snøskuter til Mørkves-Grøndalen		2018/2900
ST 25/18	Stølsheimen landskapsvernområde - nydyrking og terrengtilpassing av innmark i Storåkrane, Finden Gard		2018/1637
ST 26/18	Stølsheimen landskapsvernområde - Tiltaksplan 2019 og bestilling av tjenester av SNO		2018/3511
ST 27/18	Stølsheimen verneområdestyre - drift av styret 2019		2014/46

### **Arbeidsdokument besøksstrategi Stølsheimen**

Utkast til besøksstrategi vart lagt fram i møtet. Innspel frå styremedlemane vert lagt inn i dokumentet. Besøksstrategien vert lagt fram i styremøte 30. januar 2019 for godkjenning til å senda vidare til Miljødirektoratet for fagleg godkjenning.

### **ST 21/18 Godkjenning av innkalling og dagsorden**

#### **Saksprotokoll i Stølsheimen verneområdestyre - 26.11.2018**

#### **Vedtak**

Innkalling og dagsorden vart godkjent.

### **ST 22/18 Val av eit styremedlem til å skrive under protokoll**

#### **Saksprotokoll i Stølsheimen verneområdestyre - 26.11.2018**

## **Vedtak**

Karen Marie Hjelmeseter vart valt til å skriva under protokollen saman med styreleiar. Protokollen vert elektronisk godkjent.

## **ST 23/18 Referatsaker**

### **Saksprotokoll i Stølsheimen verneområdestyre - 26.11.2018**

## **Vedtak**

Referatsakene (RS) vart lagt fram til orientering.

**RS 19/18 Notat frå arbeidsmøte om besøksstrategi Stølsheimen, Vik 30.10.2018**

## **ST 24/18 Delegerte saker**

### **Saksprotokoll i Stølsheimen verneområdestyre - 26.11.2018**

## **Vedtak**

Delegerte saker vart lagt fram til orientering.

**DS 12/18 Stølsheimen landskapsvernområde - løyve til helikoptertransport av materiale til Dårlegelva**

**DS 13/18 Stølsheimen landskapsvernområde - løyve til transport av materiale med snøskuter til Mørkves-Grøndalen**

**ST 25/18 Stølsheimen landskapsvernområde - nydyrking og terrengtilpassing av innmark i Storåkrane, Finden Gard**

### **Saksprotokoll i Stølsheimen verneområdestyre - 26.11.2018**

## **Handsaming i møte**

Vedtak i samsvar med innstilling.

## **Vedtak**

Stølsheimen verneområdestyre gjev Lars Finden løyve til terrengtilpassing av innmarka i Storåkrane på Finden Gard, og løyve til nydyrking av areal i tilknytning til Storåkrane. Løyvet er gjeve med heimel i verneforskrifta for Stølsheimen landskapsvernområde punkt VI nr. 1. Løyvet er gjeve med fylgjande vilkår:

### Terrengtilpassing i Storåkrane:

- Tiltaka skal avgrensast til å vera enkle inngrep for at Storåkrane skal verta lettare og sikrare å driva maskinelt med traktor og forhaustar.
- Det kan gjerast enkel planering av deler av teigen nedanfor driftsbygningen.
- Det kan fyllast jord inntil og over nokre mindre bergknausar for å slette ut arealet.
- På nedste del av Storåkrane kan det gjerast små endringar med å flata ut terrenget ned mot sjøen.

### Endring av gardsvegen:

- Gardsvegen kan flyttast 0,5 meter til 1 meter mot vest mellom pumpehuset og flaggstonga for å gjera plass til stabbesteinar langs vegen.

### Nydyrking:

- Skogarealet langs fjorden som grensar til Storåkrane i sør, kan dyrkast som ei utviding av eksisterande innmark. Arealet utgjer ca. 1,3 daa. Overskotsmassane frå dette arealet kan nyttast til terrengtilpassinga i Storåkrane.
- Det skal stå att ein kant ned mot sjøen som ikkje skal dyrkast. Arealet skal ha ein naturleg avslutning mot sjøkanten og tilgrensande areal.
- Alle tiltaka skal vera slutført innan 2 år frå oppstart. Dersom tiltaka ikkje er slutført innan 2022, må det søkjast verneområdestyret om nytt løyve til tiltaka.
- Før endeleg ferdigstilling av tiltaka, skal verneområdeforvaltar vera med på sluttsynfaring av gjennomførte tiltak. Verneområdestyret kan pålegge tilstelling for å slutføra arbeidet.

Dette løyvet er berre handsama etter verneforskrifta. Tiltakshavar må søkja Vik kommune om løyve til tiltaka etter anna lovverk.

## **ST 26/18 Stølsheimen landskapsvernområde - tiltaksplan 2019 og bestilling av tjenester av SNO**

### **Saksprotokoll i Stølsheimen verneområdestyre - 26.11.2018**

#### **Handsaming i møte**

SNO orienterte om oppsynsarbeid i Stølsheimen i 2018. SNO har vore lite til stade i Stølsheimen dette året, og det var ingen særskilte hendingar å melda om.

Nils Kvamme og forvaltar orienterte om gjennomførte tiltak i 2018. Forvaltar la fram framlegg til tiltak for 2019.

Verneområdestyret støttar tiltaksplan som var lagt fram i saksframlegget. Tiltaksplan vart samrøystes godkjent.

#### **Vedtak**

Stølsheimen verneområdestyre godkjenner fylgjande tiltaksplan for 2019:

<b>Tiltak 2019</b>	<b>Samarbeidsaktørar</b>	<b>Kostnad</b>	<b>Prioritet</b>
--------------------	--------------------------	----------------	------------------

Skjøtsel av prioriterte stølar Negardstølen, Rotteskaret, Smørklepp, Ytstestølen, Sylvarnesdalen	Prosjektlear/grunneigar/ SNO	157 000	1
Restaurering av buføresti til Hanekamdalen og Ålrekestølen	Prosjektlear/grunneigar/ SNO	200 000	2
Uttak av gran i Arnafjorden	Grunneigar/Vik kommune	120 000	3
Planlegging og utgreiing av innfallsportar, jf. prioritering i besøksstrategi	Grendalag/kommune/ næringsaktør	60 000	4
SUM		537 000	

<b>Bestilling av personalressurs SNO 2019</b>	<b>Dagsverk</b>
Oppsyn dispensasjonssaker	3
Tilsyn skjøtselsarbeid i kulturlandskapet	1
Kartlegging av fuglar i våtmarksområde i Berdalen og Sendedalen	4
Delta på møte om besøksstrategi og styremøte	3
Tilsyn/byte av verneskilt	2

## **ST 27/18 Stølsheimen verneområdestyre - drift av styret 2019**

### **Saksprotokoll i Stølsheimen verneområdestyre - 26.11.2018**

#### **Handsaming i møte**

Vedtak i samsvar med innstilling frå forvaltar. Fyrste møte i 2019 er 30. januar

#### **Vedtak**

Stølsheimen verneområdestyr skal ha jamleg møte i 2019 for å arbeide vidare med besøksstrategien og gjere vedtak i dispensasjonssaker.

Styret kan sikte på følgjande årshjul:

30. januar Styremøte, besøksstrategi

Feb./Mars: Styremøte

Mai: Styremøte

August Styremøte med overnatting/synfaring. Felles med rådgjevande utval

September: Styremøte

Nov./Desember: Styremøte/bestillingsmøte

Dersom det ikkje er saker til dei planlagde styremøta kan eit møte eventuelt avlysast/utsettast.

Budsjett for drift av styre vart lagt fram i møte. Forvaltar kan i samråd med leiar gjera endringar på budsjettet før det vert sendt til Miljødirektoratet innan fristen 10. januar 2019.